

Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/99 - 20/26296

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.05.2020

Trong for opplysningar i søknaden - gbnr 425/34

Tiltak: tilbygg og garasje
Byggjestad: Gbnr: 425/34
Tiltakshavar: Ove Asgeir Haugland
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS

Kommunen syner til søknad om tiltak motteke 02.01.2020 og ber om følgjande opplysningar:

1. Det må sendast inn samtykke frå eigar av gbnr 425/82 for plassering nærare enn 4 meter frå nabogrensa. Alternativt må det søkjast om dispensasjon for plasseringa.



2. Du viser høgda på bustad på ca. 9,0 meter etter påbygg, men opplyser ikkje om topp møne kote eller kote for planering/ferdiggolv.
3. Du opplyser bygd areal BYA på garasje, men ikke bruksareal.
4. Det skal sendast inn estetisk vurdering av tiltaket som gjeld bustaden sidan bygningsvolum for bustad aukar frå 99 m² til 212,4 m² og høgda aukar med 2,4 meter. Vurdering skal omtale tiltaket i forhold til omgjevnadar.
5. Du skriv i søknaden at bustad er tilkoplta kommunalt vatn og avlaup, men vi kan ikkje sjå at det ligg slik godkjenning på gbnr 425/34 eller at eigedommen betaler gebyra for VA i vår system. Søknad om tilkopling til VA må sendast til godkjenning til avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avlaup.

